

Neppe endring av skulestrukturen

26.08.2010

Etter vedtaket som vart fatta i formannskapet i dag er det grunn til å tru at dagens skuleordning blir som ho er.

Det seier i alle fall Gunnar Våge (Sp) til HusnesNett.

Våge sette fram forslaget frå kommunestyret i april der Bringedalsbygda og Skarveland ikkje er nemnde. Dette vart vedteke.

Utbyggjing av Undarheim skal som tidlegare vedteke prioiterast på topp når Rosendal ungdomsskule er ferdig utbetra.

Arne Havnerås (H) sa at saka har vore vond for mange og no bør nullstillast.